



## Innkalling - MØTE

Tidspunkt: Måndag 22.10.24 – kl 18:00

Stad: Banken

Sak 38/24: Meldingssaker

Sak 39/24: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

Sak 40/24: Evaluering Røldalsmarknaden

Sak 41/24: Oppsummering villreinjakt 2024

Sak 42/24: Status hytter, stølar og båtar

Sak 43/24: Tenestekjøp frå FHas for 2025

Sak 44/24: Arrangere jegerprøve

Sak 45/24: Høyringsuttale – Ny forvaltningsplan for Hardangervidda

Sak 46/24: Høyringsuttale – Miljørevisjon og O/U Lyse Kraft DA

Sak 47/24: Høyringsuttale – Lokal forskrift motorferdsel Ullensvang kommune

Sak 38/24: Meldingssaker

### Saksutgreiing:

Postliste:

2024.05.22-43. søknad om motorferdelløyve i nasjonalparken-Røldal fjellstyre
2024.05.27-016. Vedtak fjellstyre Breifonn statsallmenning.
2024.06.07-43. Motorferdselløyve helikopter ifbm byggearbeid Eriksbu-Røldal Fjellstyre
2024.06.07-43. Løyve til landingar med helikopter ved Eriksbu - Nedre Hedlevatn
2024.06.07-60 Felles høyring på tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde
2024.06.07-60 Invitasjon til felles høyring på tiltaksplan for Hardangervidda villreinområde
2024.06.07-652.3 Løyve til elektrofiske - Holmavatn - Røldal Statsallmenning
2024.06.13-127. Fullstendighetserklæring 2023 - Røldal Fjellstyre
2024.06.14-43 Ullensvang kommune søknad motorferdsel i nasjonalpark 2024
2024.06.14-612.1. Fellingsløyve Villrein-Ullensvang SR84
2024.06.14-612.1. Fellingsløyve Villrein-Ullensvang SR85
2024.06.14-612.1. Informasjon om reinsjakta i Setesdal Ryfylke 2024
2024.06.17-612.3 Informasjon til valdansvarlige om jakt på Hardangervidda
2024.06.17-43 Tilsynsutvalet- Motorferdselløyve Holmavatnet 2024-2027
2024.06.20-612.3 Villreinutvalet - Oppfordring til prøving av fleire fredningssoner i jakta 2024
2024.06.25-145.4 Tilsagn om tilskudd _ verdiskaping med Statskog. - signert 25.06.2024
2024.06.28 - 612.3 UT svarbrev Villreinutvalet fredningssoner
2023.07.01-046 Røldal fjellstyre - Informasjonsmail fjellstyret sommaren 2024

**Røldal Fjellstyre –5760 Røldal**

Leiar: tlf 481 03 170- epost: [leiar.roidal@fjellstyrene.no](mailto:leiar.roidal@fjellstyrene.no) Sekretær: tlf 902 13 655- epost: [roidal@fjellstyrene.no](mailto:roidal@fjellstyrene.no)

[www.hardangervidda-fjellstyra.no](http://www.hardangervidda-fjellstyra.no)

2024.07.01-37 Røldal Fjellstyre, NVE - Spørsmål om framgangsmåte Konesjonssøknad LYSE (RSK-anlegga)
2024.07.01-37 Røldal-Suldal reguleringen_ Fagtema fisk Reguleringsmagasiner
2024.07.01-37-Vannkjemisk kartlegging reguleringsmagasin RSK Enge 2022
2024.07.01-651.1 Fiskeundersøkelser i Votna og Valldalsvatnet august 2023
2024.07.03-37 Krav om tillegsinformasjon for villkårsrevisjon, opprusting og utviding av Røldal-Suldal kraftverka, Røldal fjellstyre
2024.07.03-37 Utsettingspålegg i reguleringsmagasin på Røldal statsallmenning (RSK-anlegget), Røldal fjellstyre
2024.07.03-612.3 Referat møtet i villreinutvalet 06.06.24
2024.07.05-127. Revisjonsmelding 2023 Røldal Fjellstyre
2024.07.05-33 Statsforvaltaren - Montering av antenne for elektroniske sauebjeller ved Sandflo i Hardangervidda nasjonalpark
2024.07.07-127. Røldal fjellstyre - Oppseiing av revisjonsoppdrag
2024.07.09-612.1 - Samjaktavtale med Ullensvang fjellstyre
2024.07.15-355.1 Røldal fjellstyre forlenging av beiteleige-avtalar - Jon Hustoft, Jakob Markus
2024.07.15-355.1 Røldal fjellstyre tilbud om forlenging av beiteleige-avtale og støl - Jan Haslemo
2024.07.15-355.1 Røldal fjellstyre tilbud om forlenging av beiteleige-avtalar - Jens Markus
2024.07.16-33. - Presisering vedr. avslag på eksisterande basestasjonar innanfor Ullensvang og Røldal statsallmenning.
2024.07.16-33. - Avslag på utplassering av nye basestasjonar innanfor Røldal statsallmenning
2024.04.17-33 Presisering vedr. avslag på eksisterande basestasjonar innanfor Ullensvang og Røldal statsallmenning
2024.07.18-33 - Avslag på grunneiers tillatelse til utplassering av basestasjon i forbindelse med elektronisk overvåking av sau, Havradalen beitelag
2024.07.18-33. - Vedr. Vestland Bjøllelag sin søknad om basestasjon i Trossovnuten på Røldal statsallmenning
2024.07.31-145.3 Vedtak Tilskotsordning Friluftshovudstaden - Ullensvang kommune
2024.08.03-612.0 Informasjon til valdansvarleg - Hjorteviltregisteret
2024.08.03 -612.0 Fellingsløyve og informasjon om elgjakta. - Arve Aarhus
2024.08.09-612.1 Informasjon om reinsjakta til utanbygds jegerane - Røldal fjellstyre
2024.08.12 - 123. Bankliste lønn august 2024
2024.08.12 - 37. Krav om tilleggsdokumentasjon for villkårsrevisjon, opprusting og utviding av Røldal - Suldal kraftverka
2024.08.14 - 612.3 Fellingsløyve Hjort-Røldal statsallmenning - Miljødirektoratet
2024.08.14 612.3 - Fellingsløyve for rådyr-Røldal statsallmenning - Miljødirektoratet
2024.08.15 - 43. Høyringnotat i regi NFS i samband med høyring på ny motorferdselslov – NFS
2024.08.15 Signert Leigekontrakt Ulevaabotn - NÅS
2024.08.18 612.1 Samjakt kort HA290 og HA280 Røldal SA 2024
2024.08.20 - 37. Ber om tillegsinformasjon og at høringsfrist utsettes - Villkårsrevisjon og konsesjonssøknad Røldal -Suldal kraftverka - Villreinnemnda Hardangervidda
2024.08.22-613.0 Sak om småviltjakt sesongen 2024-2025 - Røldal fjellstyre
2024.08.26 - 31. Til informasjon - arkeologisk søk ved Middalsnuten i uke 36 - Vestland fylkeskommune
2024.08.26 - 613.0 Møtebok epostmøte angående småviltjakta 2024 - Røldal fjellstyre
2024.08.28 - 612.1 - Kalvetelling 2024_HV - Villreinutvalet

2024.09.09 - 612.1 - Invitasjon til åpent møte om arbeidet med tiltaksplanen for Hardangervidda villreinområde - KLD
2024.09.09 - 37. Krav om tilleggsdokumentasjon for vilkårsrevisjon O/U RSK - Lyse
2024.09.11 - 41. Varsel om oppstart av arbeid med ny forvaltningsplan for verneområdene på Hardangervidda - Statsforvaltaren i Vestland
2024.09.15 - Høyingsinnspel Ullensvang fjellstyre og Røldal fjellstyre - Ny motorferdsellov - 001.1
2024.09.23 - 612.1 Informasjon tin valdansvarlege om levering av fellingsløyve - Villreinnemmda Hardangervidda
2024.09.26 - 43. Røldal skule på Hausttur til Haukeli
2024.10.01 – 612.1 - Søknad om støtte til forskning på villrein - Redd villreinen
2024.10.01 - 612.1 - RV Prosjekt informasjon - Redd villreinen
2024.10.06 - 612.1 - Kortretur Følgjebrev Villreinnemmda for Hardangerviddaområdet - Røldal fjellstyre
2024.10.06 Sluttrapport Kvileplass
2024.10.08 - 43. UT - Røldal skule - Gåvefiskekort til TV-aksjonen - Røldal fjellstyre
2024.10.10 - 612.1 - Uttale ny forvaltningsplan verneområdene Hardangervidda - Villreinutvalet
2024.10.10. - 612.1- Villreinutvalet uttale merking 2025 - Villreinutvalet
2024.10.14 - Svar leige støl og beite i Nupshadlene og Ulevåbotn - J. Haslemo
2024.10.18 - 035.2 - Leige Midtjellsvollen - J. A. Markhus

### Framlegg til vedtak:

Ingen.

Sak 39/24: Eventuelt/Informasjon hendelsar frå førre møte

### Saksdokument:

### Saksutgreiing:

- Plastbåtane er henta. Eirik føl opp, og syter for at me får vrakpanten. Det gjenstår å køyre heim ein båt. Nils Vetle har no fått lagt dette klar, slik at den kan heim i vinter. Kanskje enklast om Fjelloppsynet tek denne med til Tinnhølen?
- Haustmøte er i år dagsmøte på Rauland. Kven skal me sende?
- Det har vore gjennomført to tiltak i samarbeid med skulen i haust. Fjellstyret har fått støtte til rekrutteringstiltak, og betalte i den samanheng buss for heile skulen til Haukeli. Me må rapportere inn dette, og syte for at me får utbetalt pengestøtten.
- Barneskulen fekk eit fiskegåvekort i samband med lotteri for TV-aksjonen 2024.
- Det var ein del fram og tilbake med senderar til elektroniske sauabjeller. Kort oppsummert: Vestland Bjellelag fekk setje opp ein sendar i Trossovnuten (frå Statskog, etter dialog med fjellstyret). Fjellstyre fekk brukar hjå dei, og tilgang til dei digitale løysingane deira. Havradalen beitelag fekk avslag (frå Statskog) om å setje opp sendar på Sandflå.
- Fjellstyret har fått kr 40 000 i støtte frå Ullensvang kommune til kultiveringstiltak. Kr 10 000 er utbetalt. Resten får ein ved ferdigstilling av prosjektet.
- Fjellstyret har også fått tilsegn på støtte frå Grunneigarfondet til renoveringsprosjektet av uthuset ved Eriksbu, samt eit «fiskestimulerande tiltak». Begge desse prosjekta er ferdigstilte, så her må ein også syte for å få utbetalt tilskota.
-

**Framlegg til vedtak:**

- Fjellstyret prioriterer å få fullført rapporteringsarbeidet i nærmeste framtid.

**Sak 40/24: Evaluering Røldalsmarknaden****Saksdokument:****Saksutgreiing (THHT):**

Kva tenkjer me om opplegg og gjennomføring av årets stand på marknaden? Skal me ha stand til neste år? Har me forbedringspotensiale?

Underteikna er så godt fornøyd med kor godt kortutdelinga fungerer, at dette i seg sjølv er nok til å vere positiv til å vere på marknaden også til neste år.

**Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret ynskjer å ha stand på marknaden i 2025. Leiar får fullmakt til å reservere utstillar plass.

**Sak 41/24: Oppsummering villreinjakt 2024****Saksdokument:**

Ingen

**Saksutgreiing (THHT):**På Syd:

Det er ikkje rapportert nokon felte dyr. Underteikna veit heller ikkje om observasjonar av dyr.

På Nord:

Reinsdyrjakta 2024 har truleg relativt sett, truleg vore den beste på Røldal Statsallmenning nokon sinne. Fjellstyret var tildelt 144 fellingsløyver på HA280 og eitt på HA300. Me selde totalt 95 fellingsløyver til innanbygdsbuande (62 jegarar), og 48 til utanbygdsbuande (25 jegarar).

Innanbygsdjegarar, som har kjøpt fellingsløyver av fjellstyret, kunne fritt bruke fellingsløyver utskrevet på andre vald også på HA280. Det var ein avgrensa samjaktavtale med Ullensvang Statsallmenning, tilsvarande den som har vore dei siste åra. Fjellstyret hadde og ein samjaktavtale med HA290 – 11 jegarar nytta seg av denne avtalen.

Det vert offisielt registrert felling på 69 dyr på statsallmenningsløyvene. Dette betyr me får ein fellingsprosent på 47.9%. Tar ein med i berekninga at det er ei rein bukkejakt, på ei sær s lita stamme, så er dette eit enormt høgt fellingstal. I Hedlevass har det vore relativt dårleg/beskjeden jakt, der er heimfjella som til dei grader har vore staden i år.

Me veit at også det er felt ein god del fleire dyr på statsallmenninga, men då på andre løyver enn våre, som HA300, HA290 og HA282.

Grafen under visar korleis fellingane fordelar seg utover jakttida.



Rapporteringsmessig har det i år vore relativt bra. Innanbygdsjegerane våre vert stadig flinkare, og er relativt pliktoppfyllande. Det er berre 6 dyr som ikkje vart registrerte digitalt. Alle andre var registrerte med strekkode, noko som me håpar betyr at det er tatt minst 63 gode cwd-prøvar. Dette vil i tilfelle tilsvare minst 90% prøvetaking. Fjellstyret bør bruke litt tid på dei siste få, som framleis ikkje synest akseptere kor viktig det er å gjere rapporteringsarbeidet «etter boka».

Når det gjeld nøyaktige slaktevektar, så kan det sjå ut som om tiltaket vårt med å dele ut gratis bagasjevektar, har fungert etter planen. Det er ei betydeleg auke på jegerar som rapporterer nøyaktig slaktevekt, men det er her framleis rom for forbetring.

Vedlagt saksframstillinga er eit dokument over dei rapporterte fellingane sakshandsamar meinar tilfredstiller krava fjellstyret har sett for å vere med i trekninga om pengepremien på kr 2300. Me må i møtet trekkje den heldige vinnaren. Liste over aktuelle kandidatar, og vurdering av desse, vert framlagt i møtet.

Offisielt vert 55 av dyra (79.7%) vart felt av innanbygdsbuande. Dette betyr sjølv sagt at 14 dyr, altså 20.3% vart felt av utanbygdsbuande. Innanbygdsbuande «disponerte» 96 av 144 kort (altså 66.7%). Utanbygdsbuande hadde dermed 48 av 144 kort (33.3%). Legg ein desse tala til grunn, ser at innanbygdsbuande felte dyr på 57.3% av dei disponerte korta. Utanbygdsbuande felte dyr på 29.2% av dei disponerte korta.

Ein kan også byrje å nøste litt i kva ein utanbygdsjeger «er for noko». Av dei 14 felte dyra, vart 8 felt av jegerar som anten er innanbygdsbuande, særst godt kjente lokalt, eller jaktar i lag med innanbygdsjegerar. Det er altså berre 6 dyr som vert skotne av «fremmande» «Fremmande» disponerte 32 kort, noko som tilsvare ein fellingsprosent på 18.8%. Sjølv om dette talet er

signifikant lågare enn fellingstala for innanbygdsjegarar, så er det likevel betydeleg høgare enn det fellingstalet ein kan forvente frå jegarar i kategorien «fremmande». Om målet er høge fellingstal, så kan dette vere eit teikn på at det vil ha avgrensa effekt å auke talet på utanbygdsjegarar. I alle fall om ein legg til grunn at det er eit maximum-tal på kor mange jegarar det er plass til på HA280.

Undervegs i jakta, kom det spørsmål om koden til bommen i Middyr. Fjellstyret bør før neste sesong ta ein diskusjon på kva «regime» me skal ha på denne bommen, samt om ein skal vurdere tiltak for å spreie jegarane noko betre i terrenget. Det visar seg at utanbygdsjegarane kommuniserer effektivt saman gjennom sosiale medier, noko som fort fører til større konsentrasjon av jegarar i område kor dette tidlegare ikkje har vore noko problem.

Samjaktavtalane har fungert bra, det er ikkje kome tilbakemeldingar som tilseier noko anna. Underteikna har ikkje motteke nokon «rapportar» om felling på andre vald. I år har det vore ein del fellingar på Røldal statsallmenning av jegarar med fellingsløyve på andre vald.

Til slutt kan underteikna oppsummere litt erfaringar på korleis arbeidet med fellingsløyver har fungert i 2024. Søkna på mail, fungerte like godt som tidlegare år. Kortutdeling på marknaden fungerer særst bra. Dei som ikkje hentar, får tilsendt i posten, noko som også fungerer bra. Kommunikasjon med jegarane før/under jakta fungerer ikkje så bra. Litt mange spørsmål som ein ville slept om informasjonen som vert sendt ut var lest. Men relativt greitt. Noko enklare å få inn fellingsløyva i år, om ein samanliknar med tidlegare.

**Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret utbetalar kr 2300 i premie til xxxx som belønning for ei prikkfri rapportering i 2024.

Sak 42/24: Status hytter, stølar og båtar

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing (THHT):**

Ei enkel oppdatering vert presentert i møtet.

**Framlegg til vedtak:**

Ingen

Sak 43/24: Tenestekjøp frå FHas for 2025

**Saksdokument:**

**Saksutgreiing:**

Fjellstyre har fått framlegg til tenestekjøp frå Fjellstyra på Hardangervidda AS for 2025.

Fjellstyre må gå gjennom omfanget av sekretær arbeid og planlagt feltarbeid for 2025.

**Framlegg til vedtak:**

Ingen

Sak 44/24: Arrangere jegerprøve

**Saksdokument:****Saksutgreiing:**

Underteikna har vorte kontakta av fleire med spørsmål om det vert arrangert jegerprøve i Røldal i næraste framtid. Dette er eigentleg ikkje noko som fjellstyret har «noko med», men dei siste åra har me likevel vore bekymra for at det skulle verte instruktørmangel i nærmiljøet. Der er me kome no.

Det er om lag åtte elevar på ungdomskulen som har gjeve uttrykk for at dei er interesserte i å ta jegerprøven. Frå fjellstyret sin ståstad, så vil tilrettelegging av dette, kanskje vere det viktigaste rekrutteringstiltaket me kan få til.

Per i dag, kjenner underteikna til at det er eit jegerprøvetilbod i Jondal og Kinsarvik. Dette betyr at ein har same problemet også i Odda. Det har vore uformelle samtalar om Ullensvang og Røldal fjellstyre burde gå saman for å tilretteleggje/arrangere jegerprøvekurs i Odda. Fjellstyret i Røldal bør i så tilfelle syte for transport frå Røldal til Odda for våre håpefulle.

Underteikna ynskjer å sondere meir om det er mogleg å få til eit jegerprøvekurs i nærmiljøet, og kanskje i samarbeid med Ullensvang fjellstyre. Fjellstyret bør sende ein offisiell førespurnad til Ullensvang fjellstyre om dette.

Eit slikt arrangement er truleg også noko ein kan søkje om pengestøtte til.

**Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret sender førespurnad til Ullensvang fjellstyre, med spørsmål om det er interesse for å samarbeide om å organisere eit jegerprøvekurs i nærmiljøet våren 2025. Fjellstyret søkjer om pengestøtte til gjennomføring av eit eventuelt kurs.

Sak 45/24: Høyringsuttale – Ny forvaltningsplan for Hardangervidda

**Saksdokument:**

Sjå vedlegg:

*2024.09.11 - 41. Varsel om oppstart av arbeid med ny forvaltningsplan for verneområdene på Hardangervidda - Statsforvaltaren i Vestland*

**Saksutgreiing (THHT):**

Innspel frå Ullensvang kommune vert ettersendt.

**Sakshandsamar føreslår fylgjande høyringssinnspel:**

Fjellstyre visar til uttalen vedtatt av Ullensvang kommune i sak 115/24, og støtter denne i sin heilheit.

Spesielt ynskjer Røldal fjellstyre å presiserast at forvaltningsplanen no må tilpassast bruk av helikopter. I ny forvaltningsplan må det verte opna for inn- og uttransport av jegerar, utstyr og felt villrein i umiddelbar nærleik av fjellstyrehytter, turisthytter og private hytter. I praksis kan dette vere ei innskjerping av dagens «100 meterszone» får dei godkjente flyvatna.

Røldal fjellstyre ynskjer også å understreke at det prosjektgruppa må styrkast for å sikre betre representasjon frå private grunneigarar og fjellstyre, samtidig som det må takast omsyn til geografiske og organisatoriske forskjellar.

**Framlegg til vedtak:**

Røldal fjellstyre vedtar innspel til ny forvaltningsplan slik det framstår i saksutgreiinga.

**Sak 46/24: Høyringsuttale – Miljørevisjon og O/U Lyse Kraft DA**

**Saksdokument:**

Utkast sendt ut i eigen mail, datert 08.oktober 2024.

**Saksutgreiing (THHT):**

Leiar visar til utsendt høyringsutkast i sin heilheit.

**Framlegg til vedtak:**

Røldal fjellstyre vedtar høyringsutkast med eventuelle endringar

**Sak 47/24: Høyringsuttale – Lokal forskrift motorferdsel Ullensvang kommune**

**Saksdokument:**

Vert ettersendt

**Saksutgreiing (THHT):**

Forslag til høyringsinnspel vert ettersendt.

**Framlegg til vedtak:**

Røldal fjellstyre vedtar høyringsinnspelet med eventuelle endringar.